

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-X29, TI-&13	22/356

Saknr	Utval	Type	Dato
068/2022	Formannskapet	PS	31.05.2022

Høyringsvar frå Masfjorden kommune vedk. betre polititjenester og beredskap

Vedlegg:

Journalposttittel

Brev til kommunene om bedre polititjenester og beredskap

Dato

13.04.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sender høyringsuttale vedk. betre polititjenester og beredskap i tråd med svar på spørsmåla i saksutgreiinga.

Saksopplysningar:

Bakgrunn / Høyring:

Justis og beredskapsdepartementet sendte i februar 2022 brev til kommunane med ynskje om svar på ein del spørsmål knytt til vurderingar rundt ynskje om betre polititjenester og beredskap. I høyringsskrivet vert det vist til at det i Hurdalsplattforma går fram at Regjeringa vil opprette polititjenestestader i dialog med kommunane og politidistrikta på stader der det er eit lokalt ønske om det, og geografiske faktorar eller kriminalitetsbildet tilseier at det bør verte oppretta. Det er sagt at det skal opprettast 20 nye tenestestader, og arbeidet skal starte i 2022. For at desse nye tenestestadene skal lokaliserast der behovet er størst, ber regjeringa om innspel frå kommunane.

Kommunane sin frist for å komme med innspel til Justis- og Beredskapsdepartementet er 1.6.2022.

Det vart halde ekstraordinært politirådsmøte 04.05.22 der denne høyringa var tema. Kommunane Solund, Gulen, Masfjorden, Austrheim, Fedje og Alver deltok. Politiet orienterte m.a. om bemanningssituasjonen og utfordringar rundt organisering med 2 dagspatruljer der det med eit stort distrikt og by som nabo ofte vert ein kamp om ressursar. Politiet meinte at mykje av innhaldet i denne Kvalitetsreforma var innfridd. Å styrke beredskapen i distriktet har dei imidlertid ikkje lukkast med. Kommunane delte sine erfaringar og utveksla tankar om kva som var dei naturlege innspela i eit høyringsvar.

Uttale / Saksutgreiing:

Justis- og beredskapsministeren ber om svar frå kommunane på fylgjande spørsmål;

1. Hvilke utfordringer mener dere kommunen vil stå overfor innenfor områdene forebygging, beredskap og sivile tjenester de neste årene?

Svar: Politiressursane i Masfjorden er sentralisert til regionsenteret (Knarvik, Alver kommune). Talet på operativt politipersonell er radert. I 2009 hadde området nord for Fensfjorden eige lensmannsdistrikt med 8 politistillingar. I 2018 vart 5 stillingar sentralisert i samband med samanslåing av lensmannsdistrikt, dette på tross av at ein lokalt hadde teke til etterretning signal frå stortinget/POD om å redusera talet lensmannskontor. I vårt distrikt hadde ein då, som ein konsekvens av dette, allereie endra strukturen frå 3 lensmannskontor til 1. Lovnadane frå sentralt hald var at gjenstående kontor skulle styrkast, noko som ikkje har skjedd.

Me kan ikkje understreke nok kor viktig det er at tilsette i polititenesta bur og lever i lokalsamfunna våre. I opptakten til politireforma gjorde kommunane Gulen, Solund og Masfjorden eit grep og samla 3 kommunevise politikontor til 1 nytt kontor på Hosteland. Etter gjennomført nærpolitireform har kommunane no fått svekka sin beredskap betydeleg når politiressursane er flytta og sentralisert i Knarvik. Me står igjen med betjent kontor kl. 10-14 2 dagar i veka. Me meiner det er behov for fysisk oppmøtestad for tilsette i vårt distrikt. Det har ein viktig førebyggjande effekt at tilsette bur i lokalsamfunnet. Alle veit kven politiet er. I beredskapsarbeidet betyr det også mykje at kommunen veit kven me skal samarbeide med i ein beredskapssituasjon.

Det er ei utfordring for kommunen at mykje ressursar frå nabokommunane vert slusa inn mot bysentrum. Avstandar i distrikta vert undervurdert og det får konsekvensar i form av manglande flåtestyring og igjen svekka beredskap.

Politiet må gå i seg sjølv. Tenesta må kunne organiserast med ein meir desentralisert struktur. 2 år med pandemi har vist oss at det går an å jobbe desentralisert samstundes som det er mogleg å vere ein del av eit fagleg miljø sjølv om ein ikkje bur i byar.

2. Er kommunen tilfreds med politiets bemanningsutvikling, tjenestestedstruktur og tjenestetilbud? Hvis ikke, hva er årsakene?

Svar: Som skildra over er kommunen ikkje nøgd med utviklinga. I hendingar er det kommunen sin erfaring at politiet alltid kjem sist på skadestaden. Avstandar i distriktet vert undervurdert og politiet er for langt borte når det skjer noko.

Tilstrekkeleg ressursar må knytast til lokalt kontor slik at me oppnår kortare responstid frå politiet. Viktig at politiet har lokalkunnskap.

Eit sentralt motiv for politireforma var at ein skulle styrke gjenstående kontor. Dette fordrar at polititenestepersonane bur og er ein del av lokalsamfunnet i distriktet. For at dette skal fungere må det vere ei forutsigbarheit. Det må skapast ein tryggleik for at den einskilde tenestemann eller kvinne må kunne etablere seg lokalt utan å måtte reise ut av distriktet på arbeid.

3. Både kommunen og politiet har ansvar for å sikre innbyggernes trygghet og gode tjenester. Hvordan kan polititjenestene og samarbeidet mellom kommunen, politiet og ev. andre lokale aktører som nabokommuner og fylket videreutvikles for å sikre dette? Hvilke ressurser ser kommunen for seg at de kan avsette til videreutvikling av samarbeidet om å sikre innbyggernes trygghet?

Svar: Masfjorden kommune har eit godt samarbeid med politiet. Brann og redningsvesenet har jamleg kontakt med representantar i samband med operativt arbeid. Administrativt har kommunen politiråd, beredskapsråd og andre samarbeidsfora. Det er etablert eit nytt tenestekontor i nye lokale i

kommunen. Utfordringa er at det ikkje er personell på tenestestaden.

4. Hva er ønsket utvikling når det gjelder tilgjengeligheten til politiets tjenester? - Via et tjenestested i politiet? - Via fysisk tilstedeværelse annet sted enn på et tjenestested? - Via fysisk oppmøte? - Via telefon? - Via internett?

Svar: Ja, lokal tenestestad med så stor bemanning av ein får eit forsvarleg og fagleg miljø der tenestpersonane vil vera over tid. Det må vere så mange som har oppmøte på tenestestaden at dei tilsette vil halda fram ved tenestestaden og ein ikkje får ein stor turnover, men at ein derimot kan oppnå ein stabilitet på dei tilsette. Det er forventa at sivile publikumstenester i større grad skal løysast digitalt. Viktig med lokalkunnskap og forståing hjå operasjonssentralen slik at distriktet ikkje vert tappa for ressursar. Erfaringsmessig er det mykje flåtestyring mot Bergen – gjer at utrykkingstida aukar i distriktet. Politiet må vere meir synleg. Det skaper trygghet i lokalsamfunnet.

- Via fysisk tilstedeværelse annet sted enn på et tjenestested?

Svar: Politiet må vera lokalisert lokalt i vår kommune. Dersom ein får eit fagleg miljø ved lokal tenestestad i kommunen (Masfjorden), er det meir sannsynleg at den einskilde polititenestemann buset seg lokalt i distriktet. Dette vil medføre ein synergieffekt ved at tenestemannen er plassert desentralisert dersom ein skulle få ein kritisk situasjon der ein treng å mobilisera politiressursar utanfor oppsett beredskap raskt.

- Via fysisk oppmøte?

Svar: Bemanning av lokal tenestestad er avgjerande for tenestetilbodet frå politiet. Kjennskap til lokalsamfunnet, innbyggjarane og dei lokale ressursane er avgjerande for kvaliteten på løysinga av oppdraget.

- Via telefon?

Svar: Mange oppgåver kan løysast gjennom ein telefonsamtale, men er ikkje ein god kommunikasjonskanal for ein god dialog mellom publikum og politiet.

- Via internett?

Svar: Internett er ein kommunikasjonskanal i vekst. Internettet kan nyttast til informasjonsinnhenting, men er ikkje ein god kommunikasjonsmodell.

5. Ønsker kommunen et nytt tjenestested i politiet? Hvis ja, kan kommunen tilby lokaler, for eksempel samlokalisering med andre kommunale tjenester?

Svar: Det er etablert nye lokale for tenestestad for politiet i samlokasjon med fleire andre offentlege tenesteområde. Tenestestaden er etablert med gode fasilitetar for politiet, men manglar ei bemanning som må på plass om ein ynskjer eit varig fagleg forsvarleg tenestetilbod. Med varig meinast ein oppmøtestad som gjev eit arbeidsfellesskap som er berekraftig og vil gje eit utviklande arbeidsfellesskap og godt tenestetilbod over tid.

Konklusjon

Masfjorden kommune sender høyringsuttale i tråd med svar på spørsmåla i saksutgreiinga.

Formannskapet - 068/2022

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune sender høyringsuttale vedk. betre polititenester og beredskap i tråd med svar på spørsmåla i saksutgreiinga.